

**Etter mange netter på orreleik og tiurleik er det ikkje vanskeleg å slå fast at dette er ein av dei mest fascinerande naturopplevingane ein kan ha. Og no om dagen utfaldar skodespelet seg att - ikkje lenger unna enn på Storhaug!**

**Vil du oppleva det kan du bli med Barnas Turlag på overnatting i lavvo frå laurdag til søndag. Men då må du ringa til Knut Berge Eik og melda deg på - nummeret er 959 67 811.**

Han skal vera turleiar saman med Bjørn Olav Tveit og fortel onsdag føremiddag til uskedalen.no at 10-12 førebels har meldt seg på. Ein ynskjer at foreldre med born i skulealder vert med og har ei grense på 25 deltakarar. og 6 år som aldersgrense..

Prisen er berre 100 kroner pr. familie og føresetnaden er at ein skal ta med mat sjølve. Lavvoen sørger turlaget for og det blir leik og bålkos i ventetida fram til orreleiken startar, grytidleg morgon.

Vi veit at det i fleire dagar har vore stor aktivitet av fuglar i området og bileta her understrekar det. Dei er tekne av fotograf Atle Helland som plar å fotografera på leiken kvart år. Men i år etterlyser han hønene, som glimra med sitt fråver Kanskje kjem dei til helga?

Deltakarane skal møta ved Grano klokka 14 laurdag og køyrer i eigne'bilar så langt det går opp skogsvegen før dei går den siste biten fram til teltplassen.

#### **FAKTA OM ORRFUGL**

\* Høyrer til hønsefuglfamilien, orrhanen er vel 50 centimeter og orrhøna vel 40. Hanen er svart med blålege fjær på brystet, høna er brunspraglete

\* Samlast på faste spel plasser om våren, hekkar til juni med 8-10 egg på bakken,

\* Hanane er eit syn når dei spelar i oppreist stilling og utspilt stjer. Den boblande lyden kan høyrast langt og særleg den kraftige sjoinga 'tsjoo-yysch'. Høna kaklar 'kakakaeæ'.

\* Orrfuglen et knoppar både av lauvtre og bartre og også blad og bær samt insekter.

Av Ola Matti Mathisen